Vekselbanken

– ein god medspelar –



# DELÅRSRAPPORT
# 3. kvartal 2015

Voss, 28. oktober 2015
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2015

**RESULTATUTVIKLING**
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for dei fyrste 9 månadane på 14,0 mill. kr, ein reduksjon på 23,1 mill. kr i forhold til dei 9 fyrste månadane i fjor. Resultatet tilsvarar 0,49% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 1,36% i fjor.

Etter skatt er resultatet for dei fyrste 9 månadane på 10,2 mill. kr (0,35%) mot 28,6 mill. kr (1,04%) i fjor.

Den store nedgangen i resultatet i år skuldast i hovudsak lågare netto renteinntekter, noko høgare kostnader og realisert tap på obligasjonar i år mot ekstraordinær vinst på anleggsaksjar og obligasjonar i fjor.

Totalresultatet pr. 30.09 i år er på 15,4 mill. kr mot 22,3 mill. kr i fjor i same periode.

**RENTEMARGIN**
I 3. kvartal bokfører banken netto renteinntekter på 18,7 mill. kr som er det same som for 3. kvartal i fjor. Banken har i år plassert ca. 80 mill. kr av likviditetsporteføljen i rentefond, der avkastning vert ført som aksjeutbytte i staden for renteinntekt. Pr. 30.09 utgjer det 1,4 mill. kr. Rentemarginen i 3. kvartal er på 2,01% mot 1,96% for 3. kvartal i fjor. For dei fyrste 9 månadane i år er rentemarginen på 1,78% mot 2,11% i fjor. Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er over budsjett.
Banken gjennomførte i juni ei endring av rentene og har varsla ei ny endring i desember månad. Dette vil styrkja marginen vidare frametter.

**INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR**
I 3. kvartal har bankens kostnadsført 1,9 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond.

Pr. 30.09 har banken inntektsført 1,2 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond. Pr. 30.09 i fjor var det inntektsført 6,3 mill. kr.

Av inntektsføringa i fjor kom 5,5 mill. kr som ekstraordinær realisert vinst på sal av aksjane i Nets Holding AS.

På obligasjonar har banken for dei fyrste 9 månadane realisert tap på obligasjonar i år på 8,8 mot ei inntektsføring på 4,7 mill. kr for same periode i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivingar på obligasjonar som no er realisert med tap er tilbakeført, og fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen pr. 30.09 med 7,2 mill. kr.

Det samla realiserte tapet på obligasjonar i år på 8,8 mill. kr kjem frå tidlegare års investeringar i obligasjonar i Seabird Exploration og Norwegian Energy Company til ein samla kostpris på 15,6 mill. kr. Ved årsskiftet 2014 – 2015 var desse investeringane bokført til verkeleg verdi på 6,1 mill. kr, ved nedskriving over eigenkapitalen med 9,5 mill. kr. Ved restrukturering av desse selskapa si gjeld våren 2015 vart ny kostpris på nye obligasjonar og

aksjar bokført til verkeleg verdi. Realisert tap er ført i resultatrekneskapen og tidlegare bokførde nedskrivingar er tilbakeført over eigenkapitalen.

**DRIFTSKOSTNADER**
I 3. kvartal i år er driftskostnadane på 12,5 mill. kr som er 2,0 mill. kr meir enn for 3. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,35% i år mot 1,10% i fjor.

**TAP OG MISLEGHALDNE LÅN**
I 3. kvartal har banken ikkje konstatert tap på utlån.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved kvartalsskiftet er på 84,6 mill. kr, ein auke på 8,2 mill. kr frå 3. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 2,67 % pr. 30.09.15, mot 2,36% pr. 30.09.14. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

**RÅDVELDEKAPITAL**
I 3. kvartal er rådveldekapitalen auka med 98 mill. kr, eller 2,66 %, til 3.815 mill. kr. Banken har med bakgrunn i den store innskotsveksten i 2014 i år innløyst 335 mill. kr i sertifikat- og obligasjonsgjeld utan å ta opp nye lån.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen redusert med 68 mill. kr, eller 1,75%.

**INNSKOT**
I 3. kvartal er innskota auka med 91 mill. kr mot ein auke på 100 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Siste 12 månadane har innskota auka med 290 mill. kr, eller 10,88%.

Pr. 30.09.15 har banken ei innskotsdekning på 93,2% av brutto utlån, mot 82,1% på same tid i fjor.

**UTLÅN**
Banken har i 3. kvartal hatt ein reduksjon i utlån på eige bok på 42 mill. kr. I kvartalet har banken formidla lån via Eika Boligkreditt AS med 6 mill. kr, slik at samla reduksjon i utlåna vert 36 mill. kr eller 1,0%.

Pr. 30.09.15 er brutto utlån til kundar 3.173 mill. kr, mot 3.247 mill. kr pr. 30.09.14. Dette utgjer ein reduksjon dei siste 12 månadane på 74 mill. kr eller 2,3%. Når overførte nye utlån til Eika Boligkreditt AS vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader 67 mill. kr eller 2,0%.

Av samla utlån ved kvartalsskiftet er 2.536 mill. kr (80,0%) til personkundar og 637 mill. kr (20,0%) til næringskundar.

**LIKVIDITET**
Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.956 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 637 mill. kr eller 21,6%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 174% berekna etter nye forskrifter.

**EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**
Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 415,5 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 20,66 % utan at resultatet hittil i år er teke med.

Kjernekapitalen er 361,2 mill. kr, eller 17,96%. I høve til minimumskrava er overdekninga 254,6 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 336,7 mill. kr, eller 16,74%.

**DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE**
Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

## 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

| Namn | Andel | Beholdning |
|---|---|---|
| VOSS SPAREBANK | 10,00 % | 189.980 |
| SPAREBANKEN ØST | 8,16 % | 155.020 |
| MP PENSJON PK | 4,76 % | 90.526 |
| AS FLU | 3,74 % | 70.977 |
| AUGUST RINGVOLD AGEN | 2,46 % | 46.771 |
| Profond AS c/o A. G. Regnskap A | 1,53 % | 29.000 |
| BERGEN KOMMUNALE PEN | 1,42 % | 27.000 |
| FANA SPAREBANK | 1,21 % | 23.000 |
| SKOGSBORG AS | 1,08 % | 20.440 |
| JOH. RASMUSSEN & RAC | 1,05 % | 20.000 |
| NOTOV AS | 0,96 % | 18.200 |
| FORLAGSHUSET VIGMOST | 0,93 % | 17.700 |
| Bjørke Arnstein | 0,89 % | 16.980 |
| WERGELAND HOLDING AS | 0,84 % | 16.000 |
| NORDNET LIVSFORSIKRI | 0,67 % | 12.820 |
| RIO INGUNN | 0,66 % | 12.580 |
| LANGMYHR TRYGVE | 0,63 % | 12.000 |
| KLØVE-GRAUE ASTRID | 0,63 % | 12.000 |
| HAUKÅS KONSULENTENE | 0,63 % | 12.000 |
| GJØSTEIN IVAR | 0,60 % | 11.420 |
| **Sum for dei 20 største eigarane** | **42,86 %** | **814.414** |
| **Øvrige eigarar** | **57,14 %** | **1.085.586** |
| **Totalt utstedte aksjar** | **100,00 %** | **1.900.000** |

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal: kr 186,22
Børskurs ved utgangen av 3. kvartal var : kr 113,00

**REVISJON**
Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

**REKNESKAPSPRINSIPP**
Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

**UTSIKTENE FOR 2015**
Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av

renteutviklinga i marknaden, dei realiserte tapa på tidlegare års obligasjonsinvesteringar og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i 1. kvartal har stabilisert seg, og rentemarginen etter 3. kvartal er auka til 1,78% frå 1,64% i fyrste kvartal. Renteendringa effektiv frå 15.06.15 og innføring av gebyr på manuelle betalingstenester har styrkt banken si inntening. Formidling av nye lån via Eika Boligkreditt og utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, vil styrkja banken sitt inntektsgrunnlag framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | 3. kv 2015 | 3. kv. 2014 | **30.09.15** | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 31.507 | 39.310 | 98.302 | 118.536 | 156.305 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 12.718 | 20.578 | 46.851 | 60.564 | 80.882 |
| **Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter** | **18.789** | 18.732 | **51.451** | 57.972 | 75.423 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | -811 | 706 | 2.205 | 1.672 | 2.063 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 2.694 | 1.900 | 6.613 | 5.071 | 6.897 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -824 | -952 | -2.690 | -2.741 | -3.630 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | -632 | 2.853 | -8.742 | 11.124 | 12.375 |
| Andre driftsinntekter | 54 | 8 | 148 | 19 | 97 |
| **Sum andre inntekter** | **481** | 4.515 | **-2.466** | 15.145 | 17.802 |
| **Sum netto inntekter** | **19.270** | 23.247 | **48.985** | 73.117 | 93.225 |
| Personalkostnader | 5.213 | 4.944 | 14.001 | 13.490 | 19.756 |
| Administrasjonskostnader | 4.584 | 3.000 | 12.231 | 10.210 | 13.112 |
| Ordinære avskrivingar | 1.742 | 1.726 | 5.234 | 5.183 | 6.928 |
| Andre driftskostnader | 1.041 | 857 | 3.468 | 3.204 | 4.514 |
| **Sum kostnader** | **12.580** | 10.527 | **34.934** | 32.087 | 44.310 |
| **Resultat før tap** | **6.690** | 12.720 | **14.051** | 41.030 | 48.915 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | 79 | 832 | 36 | 3.859 | 4.508 |
| Nedskriving/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | 0 | | 0 | 0 | 0 |
| **Netto tap og avskrivingar** | **79** | 832 | **36** | 3.859 | 4.508 |
| **Resultat før skatt** | **6.611** | **11.888** | **14.015** | 37.171 | 44.407 |
| Skatt på ordinært resultat | 2.079 | 3.450 | 3.816 | 8.531 | 10.482 |
| **Resultat for rekneskapsåret** | **4.532** | 8.438 | **10.199** | 28.640 | 33.925 |
| **Andre inntekter og kostnader** | | | | | |
| Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | -1.616 | -5.090 | 7.211 | -7.905 | -12.489 |
| Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal | 422 | 1.374 | -1.970 | 1.532 | 3.271 |
| **Sum andre postar** | **-1.194** | -3.716 | **5.241** | -6.373 | -9.218 |
| **Totalresultat** | **3.338** | **4.722** | **15.440** | 22.267 | 24.707 |
| Resultat pr. aksje | 2,39 | 4,44 | 5,37 | 15,07 | 17,86 |
| Utvatna resultat pr. aksje | 2,39 | 4,44 | 5,37 | 15,07 | 17,86 |

## BALANSE

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **30.09.15** | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| **EIGNELUTAR** | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 75.011 | 70.724 | 71.388 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 197.463 | 67.559 | 222.017 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 3.124.035 | 3.198.115 | 3.201.814 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 228.495 | 282.910 | 275.298 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 133.138 | 204.279 | 202.035 |
| Immaterielle eignelutar | 8.998 | 12.998 | 11.998 |
| Finansielle derivat | 5.376 | 694 | 5.781 |
| Varige driftsmidlar | 34.294 | 36.144 | 35.703 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 7.866 | 9.011 | 8.210 |
| **SUM EIGNELUTAR** | **3.814.676** | 3.882.434 | 4.034.244 |
| **GJELD OG EIGENKAPITAL** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 2.956.757 | 2.666.710 | 2.845.313 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 377.444 | 713.417 | 713.258 |
| Finansielle derivat | 0 | 674 | 0 |
| Utsett skatt | 2.343 | 999 | 373 |
| Anna gjeld | 14.214 | 18.462 | 23.475 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 26.716 | 48.012 | 9.797 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 2.958 | 3.783 | 3.382 |
| Ansvarleg lånekapital | 80.426 | 85.000 | 90.768 |
| **Sum gjeld** | **3.460.858** | 3.537.057 | 3.686.366 |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| *Innskoten eigenkapital* | | | |
| Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning eigne aksjar | -11 | -19 | -11 |
| Sum innskoten eigenkapital | 9.489 | 9.481 | 9.489 |
| *Opptent eigenkapital* | | | |
| Annan eigenkapital | 344.329 | 335.896 | 338.389 |
| Sum opptent eigenkapital | 344.329 | 335.896 | 338.389 |
| **Sum eigenkapital** | **353.818** | 345.377 | 347.878 |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | **3.814.676** | 3.882.434 | 4.034.244 |
| Garantiansvar | 109.101 | 95.310 | 122.846 |
| Pantsetjingar | 101.249 | 102.868 | 102.778 |
| Eigenkapitaldekning | 20,66 % | 18,71 % | 19,47 % |
| Gjennomsnittleg rådveldekapital | 3.848.459 | 3.656.435 | 3.756.540 |

Voss, 28. oktober 2015

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel
*Styreformann*

Stein Kvarekvål

Åse-Karin Tennebekk

Olav Seim

Johanna R. Sølyberg

Einar Larsen
*banksjef*

## TAP PÅ UTLÅN

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| Bokførte tap | 30.09.15 | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| Endring i individuelle tapsnedskrivingar | -750 | 2.385 | 2.514 |
| Endring i gruppevise nedskrivingar | 0 | 1.000 | 1.000 |
| Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for | 806 | 497 | 1.025 |
| Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for | 63 | 0 | 4 |
| Inngang på tidlegare avskrivne tap | -83 | -23 | -35 |
| **Sum tap i perioden** | **36** | 3.859 | 4.508 |

Sum tap gjeld tap på utlån.

| Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement | 30.09.15 | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar) | 47.460 | 30.949 | 19.856 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 5.052 | 4.581 | 4.925 |
| **Netto misleghaldne lån** | **42.408** | 26.368 | 14.931 |
| Andre tapsmerka engasjement | 67.110 | 76.048 | 67.197 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 24.901 | 25.994 | 25.778 |
| Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån | **42.209** | 50.054 | 41.419 |
| **Netto tapsutsette engasjement** | **84.617** | 76.422 | 56.350 |

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

| | 30.09.15 | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| Brutto utlån | 3.173.064 | 3.247.766 | 3.251.593 |
| Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar | -29.953 | -30.575 | -30.703 |
| Gruppevise nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar | -19.076 | -19.076 | -19.076 |
| Netto utlån til kundar | **3.124.035** | 3.198.115 | 3.201.814 |

## KAPITALDEKNING

| | **30.09.15** | | 30.09.14 | | 31.12.14 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bereknings-grunnlag | Kapital-krav | Bereknings-grunnlag | Kapital-krav | Bereknings-grunnlag | Kapital-krav |
| Lokale og regionale styresmakter | 5.192 | 415 | 8.457 | 677 | 9.623 | 770 |
| Institusjonar | 55.306 | 4.424 | 28.889 | 2.311 | 60.493 | 4.839 |
| Føretak | 269.415 | 21.553 | 221.962 | 17.757 | 274.423 | 21.954 |
| Massemarknad | 3.380 | 270 | 3.446 | 276 | 3.430 | 274 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 1.244.020 | 99.522 | 1.320.068 | 105.605 | 1.303.837 | 104.307 |
| Forfalne engasjement | 45.613 | 3.649 | 27.284 | 2.183 | 19.447 | 1.556 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 8.941 | 715 | 10.316 | 825 | 10.307 | 825 |
| Andelar i verdipapirfond | 55.567 | 4.445 | 142.438 | 11.395 | 141.262 | 11.301 |
| Eigenkapitalposisjonar | 41.067 | 3.285 | 30.134 | 2.411 | 33.930 | 2.714 |
| Andre engasjement | 122.593 | 9.807 | 136.734 | 10.939 | 189.739 | 15.179 |
| **Sum kredittrisiko** | **1.851.094** | **148.088** | 1.929.728 | 154.378 | 2.046.491 | 163.719 |
| Operasjonell risiko | 154.379 | 12.350 | 135.581 | 10.846 | 135.581 | 10.846 |
| Frådrag for gruppevise nedsrivingar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| CVA risiko, motpartsrisiko | 5.813 | 465 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum berekningsgrunnlag** | **2.011.286** | **160.904** | 2.065.309 | 165.225 | 2.182.072 | 174.566 |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - eigne aksjar | -11 | | -19 | | -11 | |
| Sum opptent eigenkapital | 334.130 | | 307.256 | | 338.389 | |
| - immaterielle eignelutar / utsett skattefordel | -6.569 | | -9.975 | | -8.759 | |
| Frådrag | -361 | | -9.464 | | -477 | |
| **Rein kjernekapital** | **336.689** | **16,74** | 297.298 | 14,39 | 338.642 | 15,52 |
| Fondsobligasjonar til verkeleg verdi | 40.426 | | 35.000 | | 40.768 | |
| Frådrag for verdiendring fondsobligasjon | -5.426 | | - | | -5.768 | |
| Frådrag i samsvar med overgangsvilkår | -10.500 | | - | | 0 | |
| **Kjernekapital** | **361.189** | **17,96** | 332.298 | 16,09 | 373.642 | 17,12 |
| Fond for urealiserte verdiendringar | 3.848 | | 4.349 | | 1.240 | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 40.000 | | 50.000 | | 50.000 | |
| Ansvarleg lånekapital omfatta av overgangsvilkår | 10.500 | | 0 | | 0 | |
| **Sum tilleggskapital** | **54.348** | **2,70** | 54.349 | 2,63 | 51.240 | 2,35 |
| **Netto ansvarleg kapital** | **415.537** | **20,66** | 386.647 | 18,72 | 424.882 | 19,47 |

## Utlån og innskot fordelt på sektor næringar

| | Utlån | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **30.09.15** | Fordeling | 31.12.14 | Fordeling |
| Personkundar | 2.536.983 | 79,95 | 2.518.016 | 77,44 |
| Offentleg forvaltning | 10.194 | 0,32 | 9.848 | 0,30 |
| Finansielle foretak | 4.124 | 0,13 | 33 | 0,00 |
| Jord- og skogbruk | 25.046 | 0,79 | 24.767 | 0,76 |
| Industri og bergverksdrift | 63.731 | 2,01 | 51.234 | 1,58 |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 80.495 | 2,54 | 104.441 | 3,21 |
| Varehandel , hotell og restaurant | 66.350 | 2,09 | 97.260 | 2,99 |
| Transport og kommunikasjon | 61.535 | 1,94 | 68.110 | 2,09 |
| Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift | 240.078 | 7,57 | 295.691 | 9,09 |
| Tenesteytande næringar elles | 84.528 | 2,66 | 82.193 | 2,53 |
| **Sum brutto utlån** | **3.173.064** | **100,00** | **3.251.593** | **100,00** |

| | Innskot | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **30.09.15** | Fordeling | 31.12.14 | Fordeling |
| Personkundar | 2.052.184 | 69,41 | 1.971.613 | 69,29 |
| Offentleg forvaltning | 161.502 | 5,46 | 102.673 | 3,61 |
| Finansielle foretak | 31.952 | 1,08 | 57.155 | 2,01 |
| Jord- og skogbruk | 14.105 | 0,48 | 9.094 | 0,32 |
| Industri og bergverksdrift | 46.449 | 1,57 | 30.166 | 1,06 |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 80.305 | 2,72 | 92.741 | 3,26 |
| Varehandel , hotell og restaurant | 108.365 | 3,66 | 102.110 | 3,59 |
| Transport og kommunikasjon | 121.287 | 4,10 | 100.617 | 3,54 |
| Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift | 136.865 | 4,63 | 126.786 | 4,46 |
| Tenesteytande næringar elles | 203.743 | 6,89 | 252.358 | 8,87 |
| **Sum innskot** | **2.956.757** | **100,00** | **2.845.313** | **100,00** |

## Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidlar

| | **3. kv. 2015** | 3 kv. 2014 | **30.09.15** | 30.09.14 | Året 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapIr | 0 | 2.985 | -8.835 | 4.717 | 4.591 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning | -1.091 | -901 | -957 | 4.597 | 4.675 |
| Netto verdiendring på valuta og fin.derivat | 459 | 769 | 1.050 | 1.810 | 3.108 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | -632 | 2.853 | -8.742 | 11.124 | 12.374 |

| **Endring i Verdipapirgjeld** | Balanse 01.01.15 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | **Balanse 30.09.15** |
|---|---|---|---|---|---|
| Serifikatgjeld | 100.000 | 0 | -100.000 | 0 | 0 |
| Obligasjonsgjeld, nominell verdi | 610.000 | 0 | -234.500 | 0 | 375.500 |
| Underkurs / overkurs | 3.258 | 0 | 0 | -1.314 | 1.944 |
| Sum verdipapirgjeld | 713.258 | 0 | -334.500 | -1.314 | 377.444 |

| **Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon** | Balanse 01.01.15 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | **Balanse 30.09.15** |
|---|---|---|---|---|---|
| Ansvarleg lånekapital | 50.000 | 40.000 | -50.000 | 0 | 40.000 |
| Fondsobligasjon | 35.000 | 0 | 0 | 0 | 35.000 |
| Verkeleg verdijustering | 5.768 | 0 | 0 | -342 | 5.426 |
| Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon | 90.768 | 40.000 | -50.000 | -342 | 80.426 |

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | 30.09.15 | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital ved inngangen til året | 347.878 | 328.145 | 328.145 |
| Utbetalt utbytte førre år | -9.500 | -5.035 | -5.035 |
| Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal | 5.241 | -6.373 | -9.218 |
| Kjøp / sal eigne aksjar | 0 | 0 | 61 |
| Resultat i perioden | 10.199 | 28.640 | 33.925 |
| **Eigenkapital ved periodeslutt** | **353.818** | 345.377 | 347.878 |

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Alle tal i NOK 1 000

| | 30.09.15 | 30.09.14 | 31.12.14 |
|---|---|---|---|
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar | 106 409 | 122 959 | 156 538 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar | -32 449 | -26 086 | -84 697 |
| Andre innbetalingar | 3 060 | 3 502 | 5 268 |
| Driftsutbetalingar | -29 937 | -26 490 | -34 760 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 83 | 23 | 35 |
| Utbetalt utbytte | -9 500 | -5 035 | -5 035 |
| Betalte skattar | -7 444 | -7 706 | -7 719 |
| **Tilført frå verksemda** | **30 222** | **61 167** | **29 630** |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | 77 659 | -181 370 | -186 203 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | 111 444 | 315 961 | 494 564 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 1 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | -335 814 | -28 107 | -28 266 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | - 562 | 256 | 132 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | 123 262 | -165 913 | -159 271 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | -7 381 | 1 099 | 6 517 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | -10 000 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar | - 451 | 97 | 213 |
| **Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd** | **-41 842** | **-57 977** | **127 686** |
| Investert i varige driftsmidlar | - 825 | -2 037 | - 767 |
| Investert i immaterielle eignelutar | 0 | 0 | 0 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 3 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | -8 486 | 2 836 | 2 559 |
| **Netto kontantstraum frå investeringar** | **-9 311** | **799** | **1 795** |
| Netto endring likvidar | -20 931 | 3 989 | 159 111 |
| Likviditetsbehaldning ved inngangen til året | 293 405 | 134 294 | 134 294 |
| **Likviditetsbehaldning ved periodeslutt** | **272 474** | **138 283** | **293 405** |
| | | | |
| **Likviditetsbehaldning ved periodeslutt består av:** | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 75 011 | 70 724 | 71 388 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 197 463 | 67 559 | 222 017 |
| **Sum likviditetsbehaldning ved periodeslutt** | **272 474** | **138 283** | **293 405** |